



**Styre:** Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet  
**Styresak:** 114/23  
**Møtedato:** 12.12.2023  
**Journalnummer:** 2023/1803

---

## Nedlegging av JUS295-2-A Legal Technology: Artificial Intelligence and Law

---

Emnet JUS295-2-A vart oppretta hausten 2020<sup>1</sup> som eit pilotprosjekt for vidare samarbeid mellom vårt fakultet og CELL ([Centre for Experiential Legal Learning](#)<sup>2</sup>). Emnet har blitt tilbydd kvar vår sidan 2021.

I sak 76/22 til fakultetsstyret 27.9.2022 vedtok fakultetsstyret ny modell for engelskspråklege emne ved fakultetet der desse emna som hovudregel skal finnast i to variantar med ulike emnekodar: Den eine versjonen av emnet skal ha læringsutbyteskildring i samsvar med bachelornivået i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk, og den andre versjonen skal ha læringsutbyteskildring i samsvar med masternivå i nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

I framlegget til ny modell vart det lagt til grunn at også emnet JUS295-2-A Legal Technology: Artificial Intelligence and Law skulle opprettast i ein bachelor- og ein masterversjon. Studiedekanan ba likevel om at det vart gjort ei grundig evaluering av det eksisterande emnet, før nye emneskildringar tilpassa dei to nivåa eventuelt vart lagt fram for studietvalet og fakultetsstyret med framlegg om oppretting av emne i tråd med den nye modellen.

### Evaluering av emnet

Ved utgangen av vårsemesteret 2023 hadde JUS295-2-A blitt tilbydd i samarbeid med UiO tre gongar. Studiedekanan bad emneansvarleg om at emnet vart evaluert etter vårsemesteret 2023, med fokus både på innhaldet i emnet og dei administrative sidene ved samarbeidet, før ein ville ta stilling til vidareføring av emnet i tråd med ny modell for engelske emne.

I Bergensstudentane si evaluering av JUS295-2-A kom det tydeleg fram at emnet ikkje har greidd å famna og ivareta våre studentar på en god nok måte. Samlege studentar som svara på evalueringa beskriv at ulikskapen mellom å delta som student i Bergen og student i Oslo var openberr, og det var eit betydeleg frustrasjonsmoment:

*«The hybrid concept with oslo in person and bergen online [was awful]. it was hard to reach out and get information (lack of replies). it didn't feel like the Bergen students were part of the course.»*

*«I liked the lectures, the only draw back was that we could see the extra treatment Oslo was getting.»*

---

<sup>1</sup> Sjå sak 113/20 til Studietvalet og sak 96/20 til Fakultetsstyret

<sup>2</sup> CELL vart oppretta ved UiO i november 2018, og har som oppdrag å utvida, eksperimentera, evaluera og spreia nye former for erfaringsbasert læring innan jus. CELL har i dag status som senter for framifrå undervisning.

*«It was complicated to [gain] acces to on-line link for people from Bergen, it was immensely difficult to find dates of the seminars even - had to spend more time researching than actually studying. We haven't received any Feedback for any assignments up until now, eventhough it was promised and the professors did not reply to any email correspondence. If so, it was only the professor responsible for Bergen and even that took unreasonable time. During lectures, everything was oriented towards people attending in person in Oslo, which was not how the course was described beforehand and it created a very disproportional dynamic, where Bergen felt really left out – even during actual seminars.[...]»*

*«Organization in Bergen was fine, but lectures, bootcamps and exam information based in Oslo was very chaotic.»*

*«Although I see the collaboration as a positive thing, I think the execution of this course was extremely poor the online learning process was ineffective and I found it very difficult to understand and engage with the content»*

Studentane sine tilbakemeldingar, samt administrative erfaringar frå den daglege drifta av emnet, tyder på at JUS295-2-A ikkje har vore godt nok konstruert for å gi studentar på begge studiestader tilnæringsvis same utgangspunkt og utbytte.

Det har i tillegg vore skifte i emneansvar ved UiO, vi har ikkje fått støtte i læringsstøttesystem eller studieadministrative system, og det har vore særskilt krevjande å administrere emnet. Evalueringa viser også at læringsutbyttet frå emnet ikkje held det nivået vi i dag ventar av spesialemna på 5. studieår. Dei tre åra emnet har blitt tilbydd ved UiB har vi tilbydd emnet som ein del av 5. studieår, og emneskildringa for dette emnet har vore den same som det opphavslege emnet som vert tilbydd på masternivå ved UiO.

Ved UiO vert emnet allereie tilbydd i både bachelorversjon og masterversjon. Sjølv om også UiO har ein modell der emne blir tilbydd både i ein bachelorversjon og ein masterversjon, observerer vi at dei to fakulteta har ulik tilnærming til kva som skil eit emne på masternivå frå eit emne på bachelornivå, eller omvendt.

Skilnadene mellom dei to emna ved UiO er mindre enn det vi har lagt opp til i vår modell for engelske emne i to versjonar. Vi ser at det vil bli vanskeleg å tilby både eit bacheloremne og eit masteremne i fellesskap med UiO, og samstundes utforma emna i tråd med dei skilnadene vi har lagt til grunn for emne på dei ulike nivåa i vår modell. Om emna skal samundervisast med UiO, er det ønskjeleg og nødvendig at emna ved UiO og UiB er like, etter som ein undervegs i kurset ikkje har tanke for om studentane tilhøyrer UiO eller UiB.

Til dømes er omfanget av litteratur i dei to emna ved UiO (300 sider på både bachelor- og masternivå), og til no også i det tilsvarande emnet ved UiB, lågare enn sidetallsnorma som er vedteken ved vårt fakultet<sup>3</sup>, og det skil seg også monaleg frå den praksis og tilråding vi har lagt oss på ved utarbeiding av

---

<sup>3</sup> SU vedtok i sak 54/16 at for det integrerte masterprogrammet i rettsvitenskap ved Det juridiske fakultet gjeld følgjande sidetalsnorm: Hovudlitteraturen skal ha eit omfang på mellom 30 og 60 tekstsider pr. studiepoeng. I same sak uttalte også SU at «Det skal vidare tas hensyn til hvor i studiet emnet er plassert, sånn at hovudlitteraturen i emner som er plassert mot slutten av studiet normalt vil være mer omfattende enn emner tidlig i studiet.» Ut frå dette reknar studiedekanan at eit spesialemne på 5. studieår bør ha opp mot 60 sider hovudlitteratur per studiepoeng, og at eit valemne på 3. studieår bør ha kring 45 sider hovudlitteratur per studiepoeng.

søsknemne på bachelornivå (kring 45 sider per studiepoeng) og masternivå (kring 60 sider per studiepoeng). Dette er berre éi av ulikskapane i modellane ved UiO og UiB.

## Behov for omarbeiding av emnet eller nedlegging

Ei vidareføring i tråd med ny modell for engelske emne vil krevja ei omlegging og monaleg omarbeiding av dagens emne, i samarbeid med UiO. Det vil også vera naudsynt med ei betydeleg omlegging av både det faglege og det administrative opplegget og samarbeidet mellom UiO og UiB. Dette er ei større oppgåve enn det emneansvarleg Knut Martin Tande og studieadministrasjonen har kapasitet til å ta på seg på noverande tidspunkt, og studiedekanen føreslår difor at emnet vert lagt ned. I og med at vi etter at emnet vart oppretta i 2020, har fått ein ny modell for engelske emne der alle engelske emne har fått nye emnekodar og justerte emneskildringar tilpassa kvar i studiet dei vert tilbydd, vil det ikkje vera aktuelt å gjenoppta emnet i si noverande form og med noverande emnekode. Det er dermed ikkje mogleg å berre «leggja emnet på is» for å tilby det att ved seinare høve.

Tema for emnet er likevel framleis høgst aktuelt. Frå dei utdjupande kommentarane frå då emnet vart oppretta siterer vi

*«Kunstig intelligens er også et emne som støtter opp under UiBs strategiske prioriteringer. Med stadig fleire digitale tjenester i både offentlig og privat sektor, med økende bruk av automatisering som en nasjonal og global samfunnsutfordring når det gjelder å ivareta generelle samfunnsverdier og meir spesifikke rettslige verdier og hensyn.»*

Dersom det på eit seinare tidspunkt igjen vert kapasitet ved fakultetet til å ta opp att arbeidet med eit emne om kunstig intelligens og juss, bør studieutvalet og fakultetsstyret difor stilla seg positive til å oppretta eit slikt emne forutsett at det finst tilstrekkelege undervisningsressursar og administrative ressursar til å leggja til nye valfrie emne.

## Overgangsordning

§ 3-2 (4) i [studieforskrifta](#) seier:

*«Ved nedlegging av studieprogram, studieretninger og emner skal vedtaksorganet fastsette overgangstid for undervisning og vurdering. Studenter som er tatt opp til studieprogram som vedtas nedlagt, har rett til å fullføre dette i samsvar med vedtak om overgangstid. Ved nedlegging av emner skal det normalt avholdes vurdering i emnet i ett eller to påfølgende semestre etter siste undervisningssemester.»*

I medhald av dette gjeld at det, ved behov, også må haldast eksamen i emnet hausten 2023 og våren 2024. Studieadministrasjonen opplyser likevel at alle studentar som var melde til emnet våren 2023 møtte og bestod eksamen, og at ein til no ikkje har motteke førespurnader om høvet til å forbetra karakteren i emnet. Det er difor ikkje noko som tyder på at det vil bli behov for å tilby eksamen i emnet fleire gongar.

## Uttale frå SU:

Saken vert behandla i SU den 22.11.2023.

Studieutvalet oppfordrar fakultetsstyret til å leggja ned emnet JUS295-2-A Legal Technology: Artificial Intelligence and Law med direkte verknad. Siste semester med undervisning i emnet var våren 2023. Ved behov skal det haldast eksamen hausten 2023 og våren 2024 i tråd med §3-2-4 i studieforskrifta.

### **Merknadar frå dekan og fakultetsdirektør**

Dekan og fakultetsdirektør sluttar seg til forslaget frå Studieutvalet.

### **forslag til vedtak:**

Emnet JUS295-2-A Legal Technology: Artificial Intelligence and Law leggjast ned med direkte verknad. Siste semester med undervisning i emnet var våren 2023. Ved behov skal det haldast eksamen hausten 2023 og våren 2024 i tråd med §3-2-4 i studieforskrifta.

Karl Harald Søvig  
dekan

Øystein L. Iversen  
fakultetsdirektør

01.12.2023  
INTØ/CHO/KJESO/MAFR/ANNNI